



Olav Ryland Myrtvedt
Fløksand 91
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2037 - 15/14000

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

08.07.2015

Retting av matrikkelgrenser GBNR 5/14

I samband med tidlegare gjennomført sak om retting av eigedommen 5/134 kom det fram at eigedommen dykkar også ligg med vesentleg feilplasserte grenser i matrikkelkartet. Kommunen ser det difor som svært ynskelege for alle partar at desse grensene vert retta til å vera meir i samsvar med dei faktiske tilhøva.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser, eller manglar i kartet. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera dei med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom retting av grense ikkje let seg gjennomføra må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som usikker/ umålt grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis stå fram som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte/ jordskifte og merka i marka som gjeld.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Denne saka:

I denne saka er det grensa til 5/14, som vert søkt retta. Etter det kommunen kan sjå ligg denne eigedommen med grove feil i kartet når det gjeld avgrensinga mot vest og nord.

Vedlagt ligg kart som viser dei unøyaktige grensene slik dei ligg i matrikkelen i dag, samt kopi av skyldskiftet som viser korleis eigedommen sin utstrekning eigentleg skal vera. Dei grensene som er teikna med heiltrukken raud strek og har grønne grensepunkt er nøyaktig fastlagte grenser som ikkje vert endra. Dette gjeld grensene mot 5/ 143, 5/151 og 5/75. Det er grensa mot 5/ 4- Thor Osei Liland og eventuelt mot 5/201- kommunal veggrunn som er klart feil.

Kommunen ber dykk som eigar teikne inn grensene slik dei skal vera etter grensene i marka og skyldskiftet og om mulig få nabo med felles grense med dykk å signera på at dei samtykker i at dette er rette grenser.

De kan bruka vedlagte skjema for krav om retting, eller de kan skriva dette i eit eige brev der naboar signerer. Dersom ikkje alle har samtykka i rettinga må kommunen sende varsel om retting til desse med frist på tilbakemelding før retting kan skje. I denne saka er det ikkje påkrevd å få signatur frå kommunen.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

5_14sitkart

5_14skyldskifte_1920

Krav+om+retting+av+feil+og+mangler+i+matrikkelen

Mottakere:

Olav Ryland Myrtvedt

Fløksand 91

5918

FREKHAUG